



Det kostar å driva idrettslag men det kan også gje inntekter. Her er det eit mylrande liv på Heio under Spar Heio Cup. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ved årsskiftet var det 230 medlemmer i idrettslaget i Uskedalen, blir det opplyst i laget sin søknad om stønad til drift og leige av kulturanlegg.**

**Av dei aktive i medlemsstokken er 90 under 12 år, 60 frå 12 til 18 år og 70 over 18 år medan 10 over 18 er ført opp som passive medlemmer.**

Spesifikasjonen av inntekter ender på 287 624 kroner som var den aktuelle summen siste rekneskapsår. Av dette beløpet kom 128 875 kroner frå egne arrangement, 29 950 frå medlemskontingentar og 43.200 frå kommunale tilskot. Posten 'andre inntekter' var på 57 300.

Utgiftssida sluttar på 264 368 kroner med 64.000 i husleige som den største enkeltposten. Faste driftsutgifter kom opp i 39 293 kroner.

Bjarne Lilleaas skriv i ein kommentar i søknaden at laget har store utgifter til drift og vedlikehald av anlegg. Det gjeld rundt rekna 120.000 til grasbana på Heio og grusbana i sentrum.

Av Ola Matti Mathisen